



MOWI SEAWATER NORWAY AS
Sandviksbodene 77A
5035 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristine Hetlesæter, 5764 3142

Vedtak om avslag på søknad om utviding av oppdrettsanlegg for Mowi Seawater Norway AS på lokaliteten Slåttenes i Kvinnherad kommune

Matersfjorden er ein smal og liten vassførekomst med avgrensa kapasitet for auke i organiske utslepp. Ny, semilukka merdteknologi er teken i bruk ved lokaliteten, og legg til rette for svært intensiv produksjon. Havforskingsinstituttet trekker fram Skåneviksfjorden og områda rundt som særleg sårbare for eutrofieffektar ved auka organisk påverknad. Utsleppa frå Slåttenes vil også bidra med næringstilførsler til Hardangerfjordsystemet, som viser ein negativ trend for oksygennivå i botnvatnet. Klimaendringane vil kunne forsterke slike effektar.

Etter ei samla vurdering avslår Statsforvaltaren søknaden frå Mowi Seawater Norway AS om utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) på lokaliteten 28096 Slåttenes i Kvinnherad kommune. Vedtaket er gjort med heimel i forureiningslova § 11.

Vi viser til søknad frå Mowi Seawater Norway AS datert 14.06.2024.

Vedtak

Statsforvaltaren avslår søknaden frå Mowi Seawater Norway AS om produksjonsauke frå 1560 til 3900 tonn MTB ved akvakulturlokalitet 28096 Slåttenes, jf. § 11 i forureiningslova.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga blir lagt til grunn ved val av gebyrsats.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om etablering av eit nytt akvakulturanlegg ved Slåttenes medfører for Statsforvaltaren, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Det vil seie at gebyret vil bli på 141 900 kroner.



Dersom vi ikkje mottek merknader til varselet om gebyr innan tre veker, blir det gjort vedtak i samsvar med det som er varsla over.

Kort om bakgrunnen for saka

Mowi Seawater Norway AS søker om utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) ved lokaliteten Slåttenes i Kvinnherad kommune. Det er søkt om utviding frå dagens MTB på 1560 tonn, opp til ein MTB på 3900 tonn. Lokaliteten skal nyttast til produksjon av postsmolt i semilukka anlegg med teknologi for slamoppsamling. Det er planlagt ein årleg produksjon på 5000 tonn, med eit planlagd årleg fôrforbruk på 6000 tonn.

Korrespondanse

Søknaden er datert 14.06.2024. Kommunal uttale vart ettersendt 29.10.2024.

Statsforvaltaren sendte 25.03.2025 brev til Mowi om at vi utsette handsaminga av søknaden ved Slåttenes i påvente av nytt kunnskapsgrunnlag frå Havforskningsinstituttet (HI) om miljøtilstanden i Hardangerfjorden med sidefjorlar. Vi har i ettertid hatt dialog med verksemda ved fleire høve, kor verksemda har ytra ønske om snarleg handsaming av søknaden.

Alle nye søknader i Hardangerfjorden har stått på vent sidan våren 2023 i påvente av nytt kunnskapsgrunnlag, med bakgrunn i Statsforvaltaren si uro for miljøtilstanden i fjorden. 05.11.2025 vart rapporten «Hardangerfjorden under press»¹ frå HI publisert, og Statsforvaltaren har på bakgrunn av dette teke opp att handsaminga av søknadene i det aktuelle området, inkludert søknaden ved Slåttenes.

Rettsleg grunnlag

Forureiningsforskrifta kapittel 34

I februar 2024 tok nytt regelverk i forureiningsforskrifta kapittel 34 (akvakultur av fisk) til å gjelde. Dette inneber at løyve etter forureiningslova for å førebyggje og redusere forureining og avfallsproblem frå akvakultur i hovudsak vert erstatta av standardkrav i akvakulturdriftsforskrifta. Statsforvaltaren kan i nokre tilfelle framleis bestemme at oppdrettsanlegg ikkje kan driftast utan løyve etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd.

Søknader som vart sendt inn før regelverksendingane, og som låg inne til handsaming hos Statsforvaltaren, vert også handsama etter dette nye regelverket.

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining, haldne saman med fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

¹ [Hardangerfjorden under press - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/tema/hardangerfjorden-2025)



Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver myndigheit. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast.

Statsforvaltaren si vurdering

Grunngjeving for handsaming av søknaden etter forureiningslova

Anlegget ved Slåttenes nyttar semilukka teknologi, og fell utanfor verkeområdet til kapittel 34 i forureiningsforskrifta jf. §34-1 andre ledd gjennom å vere avhengig av vassinntak og -avlaup. Vi har difor handsama søknaden etter forureiningslova.

Vurdering av miljøverknader

Matersfjorden er lang og smal, og har naturleg ein avgrensa kapasitet for å omsetje store tilførsler av organisk materiale og næringssalt. Matersfjorden munnar ut i Skåneviksfjorden, som er eit område med høg produksjonsintensitet av oppdrettsfisk. I dag er både Matersfjorden og Skåneviksfjorden klassifisert til god økologisk tilstand, noko som tyder på at sjøområda til no har greidd å omsetje utsleppa frå dagens produksjon. HI sine modelleringar viser likevel at med full utnytting av den produksjonskapasiteten som det er gitt løyve til i dag, er Skåneviksfjorden eitt av dei områda som vil ha særleg høg risiko for eutrofi-effektar.

Statsforvaltaren ser det som positivt at Mowi gjer tiltak for å redusere miljøpåverknaden sin gjennom semilukka merdteknologi med oppsamling av slam. Verksemda oppgjer at oppsamlingsteknologien reduserer utsleppa av organisk karbon med 8 %, nitrogenutsleppa vert reduserte med 3 % og fosfor med 9 %. Når ein planlegg å auke produksjonen 2,5 gonger (150 %), vil det likevel utgjere ei svært stor auke i utslepp, sjølv med reinseteknologi på anlegget. Auken det er søkt om på Slåttenes vil etter vår vurdering auke risikoen for negative miljøeffektar frå organiske utslepp og næringssalt vesentleg.

Med ny, semilukka merdteknologi kan anlegget drivast meir intensivt enn i opne merdar. I søknaden er det skildra planar om to produksjonssyklusar i året, og ein årleg produksjon på 5000 tonn fisk. I praksis har verksemda alt dobla den årlege produksjonen etter omlegginga til semilukka merdteknologi i 2023, innanfor gjeldande MTB på 1560 tonn.

C-granskinga vedlagt søknaden vart gjort etter brakklegging i april 2023, etter ein biomasseproduksjon på vel 500 tonn. Det er data frå denne granskinga som er grunnlaget for klassifiseringa av vassførekomsten i Vann-Nett. Ut ifrå dagens kunnskap bryt ikkje tilhøva i vassførekomsten med miljømåla i vassforskrifta § 4, som seier at "*Tilstanden i overflatevann skal*



beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand (...)». Omgrepet «forringelse» omfattar all aktivitet som fører til at eitt eller fleire kvalitetselement som vert nytta i klassifiseringa går ned i tilstandsklasse. Auken som har vore på lokaliteten er ei femdobling samanlikna med gjennomsnittleg produksjon i perioden før det semilukka anlegget vart etablert. Datagrunnlaget om miljøtilstanden i Matersfjorden er frå før auken i produksjon, og effektar av det nye driftsregimet vil ikkje vere fanga opp av miljøgranskingane vedlagt søknaden. Det er behov for meir og oppdatert kunnskap for å kunne vurdere om ei produksjonsauke er mogleg innanfor rammene i vassforskrifta.

HI og NIVA sine rapportar viser at både kyst- og fjordområda i Noreg generelt, og Hardangerfjorden spesielt, blir stadig meir sårbare for utslepp av nitrogen og fosfor i takt med temperatúrauke forårsaka av klimaendringane (sjå faktagrunnlag). Klimaendringane er ikkje lagt inn i HI sine modelleringar, og kjem difor i tillegg til effektane av auka utslepp. Dette må Statsforvaltaren ta høgdom for. Vi legg til grunn at anlegget ved Slåttenes bidreg med næringssalttilførsler til Hardangerfjordsystemet. Statsforvaltaren har samanstillt data som viser ein trend med nedgang i oksygeninnhald i botnvatnet i fjorden. Det samla biletet gir grunn til å tru at fjordsystemet i framtida vil ha mindre resipientkapasitet, og at auka utslepp vil kunne bidra til å forsterke trenden med nedgang i oksygeninnhald. Statsforvaltaren si vurdering er at den utviklinga vi ser for oksygen i botnvatnet i Hardangerfjorden ikkje er foreinleg med å tillate auke i tilførsler av næringssalt og organisk stoff til fjordsystemet.

Kunnskapsgrunnlaget for dagens miljøtilstand i Matersfjorden er avgrensa til miljøgranskinga ved anlegget i 2023, før auken i produksjon. Statsforvaltaren vurderer at det føreligg eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag om miljøtilstanden i Matersfjorden, med usikkerheit rundt kva effektane av produksjonsauke vil vere for miljøet, jf. naturmangfaldlova § 8. Vi har kunnskap som tilseier at Skåneviksfjorden og områda rundt er i ferd med å nå tolegrensene for utslepp av organisk materiale og næringssalt, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Vår vurdering er at det ikkje vil vere forsvarleg å tillate ei større auke utan ein lenger tidsserie som viser korleis miljøet responderer på den produksjonsauken som anleggsendringa alt har ført med seg. Samla sett fører dei ovanfor nemnde tilhøva til at føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova må vektleggjast i avgjerda vår.

Vurdering av samfunnsnytte

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Bakgrunnen for Mowi sin søknad ved Slåttenes er at dei ønsker å nytte lokaliteten til produksjon av postsmolt i semilukka einingar, for å auke snittvekta på fisken før den skal ut i opne merdar i sjøen. Dei skildrar produksjon i semilukka teknologi som eit godt bidrag for å betre fiskevelferd og redusere dødelegheit i sjøfasen.

Statsforvaltaren er einig i at det er positivt å ta i bruk ny teknologi som reduserer utslepp og miljøpåverknad frå produksjonen og betrar fiskevelferd jf. naturmangfaldlova §12 om miljøforsvarlege teknikkar. Likevel er vår vurdering at sjølv med dei utsleppsreduserande tiltaka som er skildra kan vi ikkje sjå at samfunnsnyttan på lang sikt veg tyngre enn risikoen for skade på natur og miljø i Hardangerfjordsystemet.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at ei produksjonsauke til 3900 tonn MTB tonn ved akvakulturlokaliteten Slåttenes i Kvinnherad kommune ikkje er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei



forureiningsmessige ulempene ved tiltaket, haldne saman med fordeler og ulemper som tiltaket elles vil medføre, avslår vi søknaden med heimel i forureiningslova § 11. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er lagt til grunn for avgjerda.

Faktagrunnlag

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskilder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemdar.

Sjøområdet som resipient

Naturgjevne tilhøve

Lokaliteten ligg på austsida av Matersfjorden, ein smal fjordarm som strekker seg nordover frå Skåneviksfjorden. Terrenget under anlegget skrånar bratt ned mot vest, ned til djupner på om lag 250 meter midtfjords. Matersfjorden har ingen tydeleg terskel ut mot Skåneviksfjorden i sør.

Klassifisering i Vann-Nett

Det er registrert lite data frå Matersfjorden (vassførekomst-ID 0260020700-C) i Vann-Nett. Grunnlaget for klassifiseringa av miljøtilstand er data frå miljøgranskingane som er gjort i 2023 ved akvakulturanlegget ved Slåttenes. Økologisk miljøtilstand er ut ifrå dette vurdert å vere svært god. Den kjemiske tilstanden til vassførekomsten er ikkje klassifisert, grunna datamangel.

Straumtilhøve

Straummålingane som er gjort ved Slåttenes viser eit straumbilete som følger topografien i området. Hovudstraumretninga går i nordleg og nordvestleg retning ved 5, 91 og 142 meters djup, med sørleg returstraum. Ved 15 meters djup er hovudretninga sørleg, med nordgåande returstraum. Gjennomsnittlege straumhastigheiter er 3,0 cm/s for spreingsstraumen (91 meters djup) og 2,8 cm/s for botnstraumen (142 meters djup).

Botnfauna

Det er gjennomført C-gransking ved lokaliteten i april 2023, etter éin produksjonssyklus på om lag eit halvt år i semilukka anlegg. Botnfaunaen ved stasjonane C1 og C3 hadde hhv. 73 % og 24 % dominans av ein svært forureiningstolerant art, og elles innslag av både moderat forureiningstolerante artar og artar som er sensitive for forureining. Stasjon C2 i ytterkant av overgangssona hadde mindre dominans av enkeltartar, og botnfaunaen bestod av ein vesentleg del forureiningssensitive og -nøytrale artar.

Samla sett vart stasjon C2 klassifisert til svært god tilstand (tilstandsklasse I). Stasjon C3 i overgangssona vart klassifisert til god tilstand (tilstandsklasse II).

Oksygentilhøve

Oksygenmåling er gjennomført i april 2023, ved stasjon C2, ned til 189 meters djupne. Oksygennivået har ein svak nedgang frå overflata og ned til om lag 40 meters djupne. Frå 40 meter og ned til botnen held nivået seg stabilt, og ved botnen er det målt eit innhald på 4,96 ml/l, tilsvarande tilstandsklasse I, svært god tilstand.




Kjemisk tilstand i sedimentet

Sedimenta frå grabbprøvane er analyserte for innhald av kopar og sink. Samtlege prøvar viste nivå tilsvarande god tilstand, med unntak av sinknivåa ved stasjon C3, som hamna innanfor tilstandsklasse I, svært god tilstand.

Historikk ved lokaliteten

Mowi har bytta frå ope merdanlegg til semilukka anlegg på lokaliteten, og hadde på søknadstidspunktet gjennomført éin produksjonssyklus i det nye anlegget. Med eit semilukka anlegg kan ein ha ein mykje meir intensiv produksjon enn i ope merdanlegg. Sidan 2023 har det vore to utsett av fisk i året. Noverande MTB er på 1560 tonn, og produksjonsrapporteringa frå verksemda viser tydeleg eit endra produksjonsregime med vesentleg kortare produksjonssyklus og større ståande biomasse etter utskiftinga av anlegg (figur 1).

Historisk har det vore låg biomasseproduksjon på lokaliteten. I perioden 2011 til 2020 var den årlege biomasseproduksjonen på Slåttenes i snitt om lag 450 tonn. Det var nær ingen produksjon i 2021 og 2022, årleg biomasseproduksjon dei tre siste åra vore 1402 tonn (år 2023), 2612 tonn (år 2024) og 2405 tonn (år 2025).



Figur 1 - Fôrforbruk (grå stolpar) og utvikling av tilstand i anleggssona (svarte punkt) ved lokaliteten 2014 - 2023 (Utklipp frå B-gransking)



Samla belastning og klimaendringar

Hardangerfjorden

Havforskningsinstituttet publiserte rapporten «Hardangerfjorden under press» i november 2025. Rapporten er ei samstilling av kunnskap og miljødata for Hardangerfjorden, og har som mål å vere eit verktøy for å vurdere fjorden si bereevne med omsyn til auka produksjon av fisk i fjorden. I rapporten har HI gjennomført modelleringar av auke i planteplanktonproduksjon som respons på auka næringssalttilførsel frå akvakultur. Skåneviksfjorden er eitt av områda som er særleg trekt fram som sårbart med omsyn til risiko for overgjødsling.

Påverknad frå auka temperatur og meir avrenning frå land som følgje av klimaendringane er faktorar som kjem i tillegg til utsleppa frå akvakultur. Desse faktorene er ikkje tekne med i HI sine modellar; HI undersøkte effektane av utsleppsauke isolert sett.

Statsforvaltaren i Vestland har initiert eit overvåkingsprogram for Hardangerfjorden frå 2024 – 2027. Den første rapporten vart levert våren 2025². Det er ikkje eigne målepunkt i Matersfjorden, men ein målestasjon (OH-16) i Skåneviksfjorden med analyse av botndyr og miljøgifter. Resultata viser at Skåneviksfjorden kan klassifiserast til god økologisk tilstand. Den kjemiske tilstanden er vurdert å vere dårleg grunna høge konsentrasjonar av miljøgifter i sedimenta.

Ved utløpet av Bjoafjorden er det gjort sjekk av makroalgesamfunnet ved to stasjonar. Det vart registrert mykje påvekst av opportunistiske trådalgar, såkalla lurv ved begge dei undersøkte stasjonane, men det vart likevel konkludert med god tilstand for makroalgesamfunnet.

I Åkrafjorden, som er eit tilstøtande fjordområde til Maters- og Skåneviksfjorden, er det målt oksygen i botnvatnet i nivå tilsvarande nedre sjikt av god tilstand, på grensa til moderat tilstand.

Oksygennedgang i norske fjordar

NIVA publiserte i 2025 ein rapport som viser ein nedgang i oksygennivå i mange terskelfjordar på Vestlandet dei siste tiåra³. Nedgang i oksygenkonsentrasjon skuldast ein kombinasjon av høgare temperaturar og auka tilførsler av organisk stoff og næringssalt. Rapporten viser også at havtemperaturane på 150 meters djup langs norskekysten har auka med 0,6 - 0,7 grader dei siste 35 - 40 åra, noko som fell saman med globale trendar. Høgare sjøtemperatur fører til at fjordane toler mindre tilførsler av organisk stoff og næringssalt enn tidlegare.

Merknader og fråsegner

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn i fire veker. Det kom inn éin merknad, frå Naturvernforbundet i Kvinnherad. Dei stiller seg kritiske til produksjonsauke ved Slåttenes. Dei trekker fram at auke i produksjonen vil føre til auka utslepp av fôrrestar og avføring, nitrogen og fosfor, høgare risiko for påverknad på gyteområde for vill laks og andre naturverdiar, og eit auka straumforbruk. Vidare stiller dei spørsmål ved risikoen knytt til bruken av semilukka teknologi etter ei tidlegare driftsulukke ved lokaliteten. Ut i frå dette meiner Naturvernforbundet at det ikkje bør gjevast løyve til utviding.

Mowi har fått høve til å kommentere på uttalen frå Naturvernforbundet. I svaret sitt legg dei vekt på at fire av fem punkt frå Naturvernforbundet vil verte vurdert av sektormyndigheitene. Dei viser til at søknaden inneheld ei vurdering av behovet for konsekvensutgreiing, som konkluderer med at

² Overvåkingsprogram for Hardangerfjorden 2024-2026. Årsrapport 2025. Multiconsult. Dokumentkode: 10254166-01-RIM-RAP-002.

³ [Vurdering av oksygentrender i norske farvann - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/Vurdering-av-oksygentrender-i-norske-farvann)



tiltaket ikkje utløyser krav om KU. For å redusere miljøpåverknaden planlegg Mowi avbøtande tiltak, mellom anna slamoppsamling og nullutslepp av lakselus. Mowi erkjenner at semilukka anlegg har eit høgare straumforbruk enn opne merdar, men meiner miljøgevinstar som betre fiskehelse, redusert lusesmitte og kortare produksjonstid i sjøfasen veg opp for auka straumforbruk. Dei presiserer at drifta følgjer akvakulturregelverket, og at alle hendingar og avvik vert handtert i tråd med internkontrollforskrifta. Mowi vurderer semilukka teknologi som eit steg mot meir berekraftig produksjon totalt sett.

Kommunen skriv i sin uttale at dei rår til at søknaden vert innvilga, men at det må takast omsyn til andre interesser ved endring av anlegget.

Klagerett

Mowi Seawater Norway AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NATURVERNFORBUNDET KVINNHERAD	Såfura 16	5460	HUSNES